



*Hardanger / Voss kompetanseregion  
Vurderingsgruppa*

## **VURDERINGSRAPPORT**



***Vurderingstema:  
Motivasjon og meistring for å gjere  
elevane meir uthaldande i skularbeidet***

**16. – 19. februar, 2009**



## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderar?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om skulen

Oppheim skule er ein 4 - delt barneskule i Voss kommune i Hordaland. Skulen ligg ca. 20 km frå kommunesenteret, Voss.

Skulen har inneverande skuleår 58 elevar. Elevane er fordelte på sju årssteg.

Årssteg	Tal på elevar
1.årssteg	8
2.årssteg	10
3.årssteg	8
4.årssteg	10
5.årssteg	11
6.årssteg	5
7.årssteg	8

Det er 10 tilsette ved skulen.

Rektor er Magne Sørestrand og Nina Ure. 8 tilsette er pedagogisk personale, og i tillegg har skulen to assistentar.

Skulen har ikkje skulefritidsordning.

Organisering av kvardagen er slik:

Skulestart: 8.30

Skuleslutt: 14.05

FAU er samansett av 8 klassekontaktar frå 1.-7. årssteg.

**Visjon: Me vil arbeida for ein skule som stimulerer til læring og utvikling for kvart einskilt barn.**

## 3 – Vurderingstema

Oppheim skule har bede om vurdering på følgjande tema:

***Motivasjon og meistring for å gjere elevane meir uthaldande i skularbeidet***

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriteria er*

*henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.*

*Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriteria samanlikna med den informasjonen som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriteria i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.*



**TEMA: Motivasjon og meistring for å gjere elevane meir uthaldande i skularbeidet**



Kriterium – kvalitetskrav.	Teikn på god praksis.
<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- leiinga legg til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting</li><li>- skulen vurderer jamleg verksemda si</li><li>- disponering av ressursar vert vurdert kontinuerleg</li><li>- læraren har kompetanse i dei faga han underviser i</li><li>- læraren har kompetanse i bruk av digitalt utstyr</li><li>- møbleringa av romma inspirerer til læring</li></ul>
<b>Læraren legg opp til varierte arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- læraren gjev den einskilde eleven merksemd kvar dag</li><li>- læraren viser engasjement og humor</li><li>- læraren underviser slik at ulike sansar blir tekne i bruk</li><li>- læraren gjev eleven konkret rettleiing for måloppnåing</li><li>- læraren gjev eleven jamleg skriftleg vurdering på måloppnåing</li><li>- læraren motiverer eleven til innsats, flid og uthaldenheit</li><li>- læraren gjev eleven positiv respons på framgang og gode resultat</li><li>- læraren oppmuntrar og gjev eleven tru på egne evner.</li></ul>
<b>Elevane får tilpassa opplæring</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- eleven får trening i å disponera tida si</li><li>- eleven får tydelege og målbare mål</li><li>- eleven vurderer eige arbeid ut frå faste vurderingskriterium</li><li>- eleven kan gjera val m.o.t. vanskegrad og arbeidsmåtar</li><li>- eleven lærer seg å velja strategi som høver til lærestoffet</li><li>- eleven har jamleg samtale med læraren om fagleg utvikling</li></ul>
<b>Heim/skule-samarbeidet er bygd opp slik at ein kan gje kvarandre gjensidig støtte i oppfyljinga av borna</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- dei føresette opplever foreldresamtalen som nyttig</li><li>- det er god dialog om barnet si utvikling, fagleg og sosialt</li><li>- forventningane mellom heim og skule er tydelege, uttalte og positive.</li><li>- heim og skule har felles forståing og ansvar for motivasjon og meistring</li><li>- føresette er støttespelarar i borna sitt arbeid med å nå læringsmåla</li></ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Lærarar, assistentar, rektor og elevar ved skulen.  
I tillegg vert alle foreldra innkalla til foreldremøte,
- Eksterne: Rannveig L. Alvsåker og Laila Sægrov

Grunngeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld.

I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle dei tilsette og elevane.

Det var skulen i samråd med vurderarane som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera involverte i vurderinga.

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderarane på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføre ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*

Tid	Tiltak	Ansvar
Januar 2009	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
22.januar	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa får planar og anna relevant informasjon frå skulen på dette møtet	Vurderarane og skulen
26.januar	Skulen får tilsendt Glansbiletet og innkallingsbrev til foreldremøte frå vurderarane	Vurderarane
Veke 6	Skulen melder endringsframlegg attende til vurderarane	Skulen
Veke 6-7	Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderarane
Veke 8	Vurderingsveka: 16., 17., 18. og 19. februar Måndag: Foreldremøte kl 19.30 Rektor organiserar innkalling og ordnar med det praktiske. Måndag, tysdag og onsdag : Vurderingsgruppa har samtale/intervju/observasjon med dei vurderarane vel ut. Skulen set opp ein plan for dette og finn høveleg rom. Samtale med leiinga kvar dag. Vurderarane arbeider med informasjonsdata ettermiddag og kveld.	Vurderarane og skulen



	Torsdag, kl 14.15 Fellesmøte mellom personalet, representant for skuleeigar og vurderarane for framlegging av rapport.	Vurderarane
Veke 10	Skulen føretek ei evaluering av vurderingsopplegget, og sender den til Aud Oppheim Lygre.	Skulen

## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

### Observasjon

Me observerte i alle gruppene.



## 8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### Læraren legg opp til varierte arbeidsmåtar

- ❖ *læraren gjev den einskilde eleven merksemd kvar dag*
- ❖ *læraren viser engasjement og humor*

Lærarar tek mot elevane når dei kjem til skulen kvar dag, helsar og får kontakt med kvar einskild elev, noko som må kjennast trygt og varmande. Morgonsamlingar for dei minste og fellessamlingar for alle ein gong i veka gjev samkjensle og tryggleik. Dette er gode tiltak for å fremja læring både sosialt og fagleg.

Vi har opplevd lærarane som engasjerte, dyktige og observante. Dette betyr svært mykje for elevane si læring. Nyleg las vi i ein forskingsrapport om læring at læraren sitt engasjement og samspel med elevane er den viktigaste faktoren for at dei skal lære og utvikle seg.

- ❖ *læraren underviser slik at ulike sansar blir tekne i bruk*





Vi såg allsidig undervisning, der ulike sansar og heile kroppen vart teken i bruk i ulike fag og aktivitetar. Skulen brukar uteområda mykje der naturfag og matematikk er faste arbeidsområde i tillegg til ein del anna fagleg aktivitet. Vi såg døme på musikalske aktivitetar, formingsaktivitetar, naturfageksperiment og matlaging. Fellessamlingane byr på leik, song, dans og presentasjonar av ulikt slag. Skulen arbeider ein del med underholdning og opptreer ein del i lokalmiljøet. Det vert og lagt vekt på å lage til og arrangere utstillingar. Alt dette viser at skulen legg til rette for god variasjon i aktivitetane slik at borna får ta i bruk og utvikle ulike sansar og evner.

**Heim / skule - samarbeidet er bygd opp slik at ein kan gje kvarandre gjensidig støtte i oppfyljinga av borna.**

- ❖ *Dei føresette opplever foreldresamtalen som nyttig*
- ❖ *Det er god dialog om barnet si utvikling, fagleg og sosialt*

Både Forskrift til opplæringslova og Læringsplakaten seier at skulen skal leggja til rette for samarbeid med heimen og sikra føresette sitt medansvar i skulen. For vurderarane ser det ut som om Oppheim skule langt på veg har lukkast med dette. På foreldremøtet var det eit stort og positivt engasjement.

Dei føresette seier dei opplever foreldresamtalen som ein dialog. Dei får skriv heim på førehand med punkt dei kan førebu i lag med barnet. Læraren tar ikkje opp tema på samtalen som eleven ikkje veit om. På skulen har dei innarbeidd rutine for å avslutta samtalen med ein avtale om eit utviklingsområde som partane drøftar seg fram til i fellesskap. Elev, føresette og lærar skriv under som likeverdige partar. Dette er heilt i samsvar med paragraf 3 – 2. i Forskrift til opplæringslova. Det er også i tråd med eit punkt i skulen sin verksemdplan som seier at borna skal oppleve reelt medansvar for eigen læresituasjon.

Dei føresette meiner skulen er rask til å ta kontakt når det er trong for det. Det vert nytta telefon, "gule lappar" og kontaktbok.



- ❖ *Forventningane mellom heim og skule er tydelege, uttalte og positive*
- ❖ *Heim og skule har felles forståing og ansvar for motivasjon og meistring*

**Skulen og foreldra er samstemde i følgjande forventningar til heimen:**

- **at foreldra føl opp læringsarbeidet heime**
- **at foreldra snakkar positivt om skulen og lærarane med borna**
- **at foreldra hjelper til med å vinkle arbeidet positivt**
- **at foreldre har ansvar for høveleg leggjetid, sunn kost og frukost.**

**Skulen og foreldra er samstemde i følgjande forventningar til skulen:**

- **At lærarane tilrettelegg slik at borna får det dei treng**
- **At lærarane kan jobben sin**
- **At lærarane har breidde på undervisninga med ulike arbeidsmåtar, slik at elevane blir møtte på sin ståstad og opplever meistring.**
- **At skulen må skape eit miljø som er inkluderande sosialt**

**I tillegg til dette sa foreldra at dei forventa at skulen oppmuntrar og utfordrar elevane til å strekkje seg lenger. Lærarane har og uttrykt eit sterkt ynskje om å få dette til. Difor ligg det godt til rette for eit samarbeid som vil komme elevane til gode**



## 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### Elevane får tilpassa opplæring

- ❖ eleven får tydelege og målbare mål
- ❖ eleven kan vurderer eige arbeid ut frå faste vurderingskriterium
- ❖ læraren gjev eleven konkret rettleiing for måloppnåing

Vi såg at arbeidet med å lage læringsmål er i gong, men ein del av måla vi såg er ikkje tydelege nok til at eleven brukar dei godt nok i læringa si.

Vi fekk høyre nokon som meinte at læringsmåla hjelper både lærar og elev i arbeidet. Det viser at ein har sett at dette er viktig. Det vart og ytra ynskje om meir skulering i vurdering. Skulen bør arbeide vidare med å laga tydelege og målbare mål, og laga system for vurdering og måling av læringa. Eleven vil bli meir bevisst på eiga læring dersom han må vurdere arbeidet sitt, men for å klare dette må der lagast klare og tydelege kriterium for måloppnåing. Det vil og bety mykje at ein trekkjer heimen inn i dette, ved å be dei ta del i eleven sitt arbeid med læringsmål og eigenvurdering og vise dette ved underskrift.

Fredagssjekken er allereie godt innarbeidd. Vi meiner at denne kan vidareutviklast til å omfatte fleire læringsmål i fleire fag, og til å innehalde eigenvurdering og lærarvurdering. Den bør også sendast heim for underskrift kvar veke

Erfaringar frå Noreg og andre land viser at elevar lærer best når dei forstår kva dei skal lære og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Det er og eit krav i føreskriftene at eleven skal vere med i vurderinga av sitt eige arbeid

- ❖ eleven kan gjera val m.o.t. vanskegrad og arbeidsmåtar
- ❖ eleven lærer seg å velja strategi som høver til lærestoffet

Vi har funne lite som tyder på at elevane gjer eigne val i høve til strategiar og vanskegrad. Både elevar og lærarar sa at det er dei vaksne som gjer vala for elevane. Dei kan rett nok velje frå "vekearbeid" når det obligatoriske arbeidet er gjort, men det som vi finn på "vekearbeid" kunne nok gjerast ein del meir utfordrande, der ein og kan trekkje elevane meir med i planlegginga av dei vala dei kan gjere der. Vi ser og at det kan vere greitt å ta ein diskusjon på om "vekearbeidet" tek fokus litt bort frå det obligatoriske arbeidet, på den måten at dette vert for raskt unnagjort for å "nyta gulrota". Det er dessutan ein viktig motivasjonsfaktor at elevane får lære seg å gjere eigne val ut frå eigne føresetnader.



- ❖ eleven har jamleg samtale med læraren om fagleg utvikling
- ❖ læraren gjev eleven jamleg skriftleg vurdering på måloppnåing

**Følgjande står å lese i eit rundskriv frå UDIR, januar 2009:**

**"Kontinuerleg vurdering og tilbakemeldingar kommuniserte på rett måte gjev gode resultat i form av auka læringsutbyte. Ein skal difor stadig gje undervegsvurdering i opplæringa og rettleie eleven om korleis han eller ho kan auke kompetansen sin i faget".**

**Vi ser at Oppheim skule har innarbeidd eit godt system for foreldresamtalen, men at dette bør følgjast betre opp gjennom året. Vi meiner og at det er viktig å arbeida for å gjere skriftlege tilbakemeldingar tydelege og læringsfremjande, slik at eleven verkeleg forstår kva som er bra og kva han kan gjere for å bli betre. Stundom kan læraren be eleven seie med eigne ord korleis han oppfattar den skriftlege vurderinga han har fått.**

## **Skulen er ein lærande organisasjon**

- ❖ *Leiinga legg til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting*

**I møte med personalet på Oppheim skule, merkar me at her er stor fagleg kompetanse. Lærarane på teama planlegg delar av undervisninga i lag, og dei hentar gjerne idear i permene til kvarandre. Samstundes seier dei at dei saknar tid til å drøfta kvifor dei gjer det dei gjer.**

**Dei treng også å drøfta korleis dei kan møta den einskilde eleven på best mogeleg måte og kva læringsstrategi som høver best til ei kvar tid.**

**Assistentane på skulen sit inne med svært mykje informasjon om einskildelevar. Kan hende har dei den beste oversikten på nokre område då dei kjenner eleven godt. Leiinga ved skulen må sjå på rutinane sine når det gjeld ansvarsgruppemøte m.m. og sikre seg at dei nyttar assistentane sin kjennskap til eleven best mogeleg.**

**Leiinga ved skulen må finna tid til den viktige pedagogiske debatten slik at kunnskap og innsikt hos den einskilde læraren kan koma fleire til nytte. Å vera ein lærande organisasjon handlar mellom anna å gjera kvarandre gode.**

**Når det gjeld formulering av læringsmål, ser me stor variasjon i korleis dette vert gjort. Nokre av målformuleringane er upresise og lite målbare. Då er det viktig å innarbeida rutinar for samarbeid om utforming av læringsmål slik at dei vert relevante, konkrete og målbare. Skulen må utvikla ein vurderingskultur som har læring og utvikling som mål.**



- ❖ *Læraren har kompetanse i dei faga han underviser i.*
- ❖ *Læraren har kompetanse i bruk av digitalt utstyr*

**Lærarane opplever at dei føler seg kompetente til å undervisa i faga sine. Fleire har tatt vidareutdanning som dei har stor nytte av. Men engelsk var eit fag der dei kunne ønskja seg større kompetanse. Fleire lærarar meinte dei kom til kort når det gjeld bruk av data og digitalt utstyr. Skulen må leggja ein plan for korleis personalet skal få utvikla seg på dette området. I Kunnskapsløftet er ein av basisdugleikane nettopp å kunne bruka digitale verktøy.**

## **10 – Vidare arbeid**

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Oppheim, 19.februar, 2009

Laila Sægrov  
-vurderar -

Rannveig L. Alvsåker  
- vurderar -



## Vedlegg 1

### Samtale med elevar på 1. – 4. årssteg.

<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- kva er det beste med Oppheim skule?</li><li>- korleis er det med arbeidsro i timane?</li><li>- brukar de datamaskiner ofte? Til kva?</li></ul>
<b>Læraren legg opp til varierte arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- fortel om ulike måtar de jobbar på i løpet av ein skuledag?</li><li>- får de vera med å bestemma kva slags arbeidsmåte de skal bruka?</li><li>- skriv læraren noko om det de gjer?</li></ul>
<b>Elevane får tilpassa opplæring</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- kan de fortelja kva som er målet på vekeplanen denne veka?</li><li>- kor ofte har de samtale med lærar åleine? Kva snakkar de om då?</li></ul>
<b>Heim/skule-samarbeidet er bygd opp slik at ein kan gje kvarandre gjensidig støtte i oppfyljinga av borna</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- korleis brukar de læringsmåla heime?</li><li>- får de hjelp når de øver på måla heime?</li></ul>



## Samtale med elevar på 5. – 7. årssteg

TEMA: Motivasjon og meistring for å gjere elevane  
meir uthaldande i skularbeidet

<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- kva er det beste med Oppheim skule</li><li>- korleis er det å arbeide i det halvopne landskapet på skulen?</li><li>- korleis er det med arbeidsro i timane?</li><li>- brukar de datamaskiner ofte? Til kva?</li><li>- korleis nyttar de Pedit?</li><li>- korleis er ein flink lærar</li></ul>
<b>Læraren legg opp til varierte arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- fortel om ulike måtar de jobbar på i løpet av ein skuledag?</li><li>- får de vera med å bestemma kva slags arbeidsmåte de skal bruka?</li><li>- veit de når og korleis de lærer best?</li><li>- får de skriftleg tilbakemelding på arbeidet de gjer?</li><li>- får de førebu dykk på det de skal snakka om i elevsamtalen?</li><li>- får de vite de kva de er gode til, og korleis de skal bli endå betre, under elevsamtalen?</li></ul>
<b>Elevane får tilpassa opplæring</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- får mål på vekeplanen som de forstår?</li><li>- kan de velja mellom ulike vanskegrader på arbeidet?</li><li>- vurderer de eigne arbeid? Korleis?</li><li>- korleis sjekkar de eller læraren om de har nådd måla?</li><li>- kor ofte har de samtale med lærar åleine? Kva snakkar de om då?</li></ul>



	- korleis får de lyst til å gjera ekstra godt skularbeid?
<b>Heim/skule-samarbeidet er bygd opp slik at ein kan gje kvarandre gjensidig støtte i oppfyljinga av borna</b>	- korleis brukar de læringsmåla heime? - får de hjelp når de øver på måla heime? - korleis førebur de dykk til utviklingssamtalen?

## Vedlegg 2

### Samtale med dei føresette

TEMA: Motivasjon og meistring for å gjere elevane meir uthaldande i skularbeidet

<b>Heim / skule – samarbeidet er bygd opp slik at ein kan gje kvarandre gjensidig støtte i oppfyljinga av borna</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Nemn noko som er positivt med Oppheim skule.</li><li>• Korleis føregår foreldresamtalen, og kva vert tatt opp der? Korleis opplever de denne samtalen?</li><li>• Korleis er dialogen om barnet si utvikling, fagleg og sosialt gjennom året?</li><li>• Kva gjer de heime i høve til elevane sine læringsmål?</li><li>• Kva kan de som føresette gjera betre for å motivera elevane i skularbeidet?</li><li>• Kva forventar heim og skule av kvarandre med tanke på motivasjon og meistring for elevane?</li><li>• Nemn to punkt der de meiner Oppheim skule kan verta betre. Sei korleis de ynskjer å ha det.</li></ul>
---	---



## Vedlegg 3

### Samtale med pedagogisk personale

<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis fungerer kunnskapsdeling og metodedrøfting på Oppheim skule?</li><li>• Korleis opplever du kompetansen din i dei faga du underviser i og i bruk av digitalt utstyr?</li><li>• Korleis kan de best utnytta det halvopne skulelandskapet?</li></ul>
<b>Læraren legg opp til varierte arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis gjev du eleven merksemd kvar dag?</li><li>• Korleis vurderer du eleven si måloppnåing?</li><li>• Nemn måtar du underviser på slik at elevane på ta i bruk ulike sansar.</li><li>• Kva krevst av deg som lærar når du skal oppmuntra eleven til innsats, flid og uthaldenheit?</li></ul>
<b>Eleven får tilpassa opplæring</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kva gjer du for at eleven kan få velja oppgåver, vanskegrad og arbeidsmåte?</li><li>• Korleis bruker du læringsmåla i den daglege undervisninga?</li><li>• Korleis legg du til rette for at eleven kan vurdere eige arbeid?</li><li>• Korleis gjev du informasjon til heimen om eleven si måloppnåing og sosiale utvikling?</li></ul>
<b>Heim / skule-arbeidet er bygd opp slik at ein kan gje kvarandre gjensidig støtte i oppfyljinga av borna</b> Oppheim skule Februar 2009	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kva må til for at det skal verta ein god og nyttig foreldresamtale?</li><li>• Kva slags forventningar har heim og skule til kvarandre?</li><li>• Korleis kan føresette vera gode støttespelarar i borna sitt arbeid med å nå læringsmåla?</li><li>• Kva gjer du elles for at heimen skal få informasjon om eleven si utvikling, fagleg og sosialt?</li></ul>



## Vedlegg 4

### Samtale med assistentane

TEMA: Motivasjon og meistring for å gjere elevane  
meir uthaldande i skularbeidet

<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis fungerer samarbeidet om den einskilde eleven? (lærer, assistent, heim)</li><li>• Korleis vert eleven oppmuntra og får tru på egne evner?</li><li>• Korleis brukar du eleven sine læringsmål i arbeidet ditt?</li><li>• Har du tankar om korleis elevane kan verta meir uthaldande i skularbeidet?</li></ul>
---	---